



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 16/157539-2	Dykkar referanse: 16/1342 – 16/13245	Vår dato: 31.10.2016
------------------------------------	--	-------------------------------	--	-------------------------

Uttale til dispensasjon frå kommuneplan – Ny bustad m.m. – gnr. 99 bnr. 4 – Våge – Lindås kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå kommuneplan, oversendt i brev datert 03.10.2016. Søknaden gjeld dispensasjon frå LNF-føremål for oppføring av bustad og sekundærbustad med garasje, samt anlegg av veg og foringshus til sau.

Lindås kommune har vurdert at saka treng dispensasjon frå LNF-føremål, då eigedomens storleik og drift ikkje tilseier at det er trong for våningshus på eigedomen, og ressursgrunnlaget synes å vere relativt lite. Vi gir difor uttale til tiltaket på grunnlag av bustadbygging, sauedrift og eventuelt tømmeruttak.

Om fv. 57 i Lindås

I *Regional transportplan for Hordaland 2013–2024* er vegen klassifisert som overordna fylkesvegnett, med viktig beredskapsfunksjon. I *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest* er strekninga i haldningsklasse 2, der godkjenning av utvida bruk av bustadavkøyrslar skal avgrensast.

Fv. 57 mellom regionsenteret Knarvik og Mongstad er ulukkesbelasta, med høg del utforkøyrings- og møteulukker. Vegstrekket frå nord for Skodvin skule til Vågseidet syd har imidlertid låg ulukkesfrekvens. Samstundes arbeider Statens vegvesen for tida med reguleringsplan for fv. 57 mellom Skodvin skule og Vågseidet. I planen regulerast separat gang- og sykkelveg og vegutbetring. Gang- og sykkelvegen vil liggje på vestsida av fylkesvegen, og trafikk frå gnr. 99 bnr. 4 må krysse denne.

Postvegen

Avkøyrsla til eigedomen ligg i tidligare trasé for Den Trondhjemske Postvei. Delar av Den Trondhjemske Postvei er med i Statens vegvesen sin «Nasjonal verneplan» og har nasjonal verdi som kulturminne. Strekingar utanfor verneplanen har også stor verdi som del av ei heilhetleg vegline.

Ved avkøyrsla er spora etter postvegen borte, men den gamle vegen eksisterer både sør for busslommen og like nord for vegkrysset inn til Våge. Dei røde strekane på kartet til høgre er rester av postvegen.



Det må ikkje tillatast inngrep i sonen mellom eksisterande adkomstveg og den tidlegare Postvegen (stipla område).

Om avkøyrsla og tømmeruttak

Statens vegvesen har motteke søknad om utvida bruk av avkøyrsla for riving og gjenoppføring av driftsbygning, i samband med gardsdrift. I avkøyrslsaken er det ikkje nemnd uttak av tømmer. Etter vårt syn vil tømmerdrift ikkje vere ønskjeleg i denne avkøyrsla, på grunn av høgt fartsnivå på fylkesvegen. Dersom det er mykje hogstmoden skog i området, bør kommunen samordne tiltak for tømmeruttak, på ei slik måte at tryggleiken på fylkesvegen kan ivaretakast.

Vår vurdering

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs fylkesvegen. Vi har inga merknader til kommunens vurdering i dispensasjonssaka knytt til bustadbygging og drift av utegangarsau. Tømmerdrift meiner vi må handterast samla for større område. Dersom vi mottek søknad om bruk av avkøyrsla til tømmeruttak, må det påreknast avslag.

Før Statens vegvesen handsamer søknadar etter veglova skal dei vere avklara etter plan- og bygningslova. Handsaming av avkøyrslsaka er difor utsett til dispensasjonssaka er avklara. Avkøyrsla stetter ikkje dagens krav, og ved ei eventuell utvida bruk må det påreknast krav om opprusting av avkøyrsla.

Statens vegvesen Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Link Arkitektur AS – Bergen, Dreggsallmenningen 10/12, 5003 BERGEN